

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FA - C55, FE - 223	16/203

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/2017	Formannskapet	PS	31.01.2017

Tildeling - kulturminnevernmidlar 2017

Forslag til vedtak:

Formannskapet løyver:

- kr. 5 580,- i tilskot (50 % av materialkostnadane) til Terje Nygard til vedlikehald av støl på Nygard.
- kr. 38 955,- i tilskot (50 % av materialkostnadane) til Trond Helland til restaurering/flytting av stabbur/vedhus.
- kr. 29 850,- i tilskot (50 % av materialkostnadane) til Lewis H. Bolstad til renovering av eldhus.
- kr. 15 169,- i tilskot (50 % av materialkostnadane) til Liv og Reidar Nygard til støtte til vøling av tak på bustadhus.

Felles for kvar av løyvingane er at pengane vert utbetalt når arbeid er utført og kvitteringar ligg føre. Tilsegnet står ved lag i eit år frå vedtaksdato.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Modalen kommune løyver tilskot til tiltak som omhandlar istandsetjing av eldre bygningar, lør, stølshus, naust, smier og andre kulturminne som ligg innanfor Modalen kommune sine grenser. Reviderte vedtekter d. 11.05.10 ligg til grunn for vedtaket.

Det vart lyst ut midlar i haust med søknadsfrist 11. november 2016 kor 4 søknader kom inn innan fristen.

Vurdering

Terje Nygard søker om støtte til vedlikehold av støl (gnr/bnr 85/2) på Nygard. Materialkostnader er rekna til kr. 11 160,- inkl. mva. Stølen er ein viktig del av kulturhistoria til Modalen då han representerer kulturmiljøet som har representert Modalen over ein lang tidsperiode, og som kommunen ynskjer å ta i vare. Stølar og stølsmiljø er trukke fram i kulturminnevernplanen i oversikt over utvalgte kulturminne og kulturmiljø. Nygard sin støl er ikkje inkludert i dette utvalet, men me finn han vesentleg i forhold til å vere ein del av særpreget for Modalen. I tillegg er tildeling ein viktig i faktor i forhold til å skape interesse for kulturminnevernet i kommunen.

Trond Helland søker om støtte til restaurering/flytting av stabbur/vedhus (gnr/bnr. 78/1) på Helland. Materialkostnader er rekna til kr. 77 909,- inkl. mva. Vedhuset er registrert i kulturminnevernplanen. Eldhuset er registrert i kommunen sin kulturminnevernplan under kategori C – andre verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Vurderinga er at restaureringa/flyttinga bidreg til at breidda i kulturminna i kommunen vert ivareteken, ein opprettheld kulturminne som er særprega for Modalen, og at tildeling er ein viktig i faktor i forhold til å skape interesse for kulturminnevernet i kommunen.

Lewis H. Bolstad søker om støtte til renovering av eldhus på garden Hugnastad. Materialkostnader er rekna til kr. 59 159,- inkl. mva. Eldhuset er ikkje registrert spesielt i kulturminnevernplanen, men eldhusa representerer ein viktig del av Modalen sin mattradisjon. Eldhus er såleis ein viktig del av kommunen sitt kulturmiljø som ynskjeleg å ta i vare. Tildeling er ein viktig i faktor i forhold til å skape interesse for kulturminnevernet i kommunen.

Liv og Reidar Nygard søker om støtte til vøling/omleggjing av tak på bustadhuset sitt. Materialkostnader er rekna til kr. 30 338,- inkl. mva. Huset er ein del av Mo sentrum kor det er eit særskilt husmiljø (4 hus) i vernekategori B - rett på vestsida/over vegen. Dei 4 husa har stor lokal verdi som bør sikrast ved særskilte tiltak, først og fremst ved regulering til spesialområde for vern etter PBL. Vurderinga er at nemnte hus på mange vis høyrer til same kulturmiljø i forhold til byggetidspunkt og byggestil. Det er ikkje naturleg å knytte fleire hus i området til denne gruppa. I forhold til at kulturmiljøet desse husa er ein del av representerer eit særpreg for Modalen, og at huset har verdiskapingsfunksjon i forhold til Mo sentrum, vil me i denne omgang tilrå å støtte tiltaket.

Konklusjon

Det vil alltid vere kommunen sine vurderingar som ligg til grunn for å tilrå støtte. Grunnlaget for desse vurderingane endrar seg over tid fordi det vil vere ulik søknadsmasse/behov, samt at vernarbeidet trass alt syt for at kulturminna vert i betre og betre stand. Noko som fører til at det etter kvart står att færre tiltak å ta fatt på. For 2017 er såleis konklusjonen at forslag til vedtak vil styrke kulturminnevernarbeidet i tråd med intensjonane i plan (aug. 2000) og rapport (11.05.10).

Formannskapet - 011/2017

FOR - behandling:

Kultur- og utviklingssjef Ove Sæbø orienterte om saka.

Samrøystes

FOR - vedtak:

Formannskapet løyver:

- kr. 5 580,- i tilskot (50 % av materialkostnadane) til Terje Nygard til vedlikehald av støl på Nygard.

- kr. 38 955,- i tilskot (50 % av materialkostnadane) til Trond Helland til restaurering/flytting av stabbur/vedhus.

- kr. 29 850,- i tilskot (50 % av materialkostnadane) til Lewis H. Bolstad til renovering av eldhus.

- kr. 15 169,- i tilskot (50 % av materialkostnadane) til Liv og Reidar Nygard til støtte til vøling av tak på bustadhus.

Felles for kvar av løyvingane er at pengane vert utbetalt når arbeid er utført og kvitteringar ligg føre. Tilsegnet står ved lag i eit år frå vedtaksdato.

Vedlegg:

Vedtekter kulturvernmidlar pr. 11.05.10

Rapport, kulturminnevernmidlar 2010 - 2015. (L)(10894)